6. Akvakultur

Temanotat

Forarbeid til kommuneplanens arealdel

HJELMELAND KOMMUNE – HØYRINGSUTKAST 2026

1. Innhald

1. Innleiing 2
   Arealstrategi 2
2. Generelle innspel 3
3. Kartfesta innspel 3
   Innspel 101 - A1 Kjeurda – utviding av produksjonsareal og fortøyingsområde 4
   Innspel 26 - A2 Vindsvik – utviding av areal 5
   Innspel 26 - A13 Breivika 6
   Innspel 101 - A16 Vassvik – utviding av fortøyingsområde 7
   Innspel 101 - A19 Sigmundstad – ta inn fortøyingsområde 8
   Innspel 101 - A20 Helgøy – Endra og utvida område 10
   Innspel 101 A22 Liarneset – innspel om å behalde og utvide 11
   Innspel 54 - A26 Hundaneset 12
4. Planvask – Vurdering av akvakulturområde i gjeldande plan 14
   A3 Bastbergvika 14
   A6 Eidavågen 15
   A12 Gravstøskjer 16
   A15 Hundsnes 17
   A21 Nessa 18
   A25 Viganeset 19
5. Areal anbefalt planvaska ut 20
   A14 Kleppholmen 20
   A17 Prestholmen 21
   A18 Grønevika 22
   A23 Øvre Tysdalsvatn 23
6. Oppsummering 24
7. Konsekvensutgreiing og sårbarhetsanalyse 26

A1 Kjeurda 26
A3 Bastbergvika 27
A6 Eidavågen 28
A12 Gravstøskjer 30
A14 Kleppholmen 31
A17 Prestholmen 34
A18 Grønevika 35
A20 – Helgøy 36
A21 Nessa 38
A22 – Liarneset 39

1. Innleiing

Arealstrategi

Økonomisk berekraft:

- Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser

Miljømessig berekraft:

- Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.



2. Generelle innspel

Det er komme innspel til å ta ut område frå plan:

Innspel 2, 14 og 126 – Innspel om å ta ut akvakulturområde i Breivik

Innspel 33, 35, 41, 69, 73 – Innspel om å ta ut Sigmundstad

Innspel 126 – Innspel om å ta ut ubrukte lokalitetar

Sjå vurdering på aktuelle lokalitetar.

3. Kartfesta innspel



Innspel 101 - A1 Kjeurda – utviding av produksjonsareal og fortøyingsområde

A1 Kjeurda - foreslått endring





Innspel vist på bilete til venstre.

Forslagsstillar	STERLING WHITE HALIBUT AS
Stad. Gnr/Bnr	Kjeurda, Tøtlandsvik
Gjeldande kommuneplan	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	
Skildring av forslag	Sterling Halibut ynskjer å utvide AK-området og fortøyingsområdet for å få fleksibilitet ved ein eventuell overgang til annan og nyare teknologi enn dagens. Føremålet er å optimalisere drift og miljø, og å vere i stand til å møte moglege framtidige krav frå myndigheitene som kan gjere det vanskeleg å drive på det eksisterande området.
Arealstorleik	KPL2019: 125,4 daa AK + 393,6 daa fortøying = 519 daa Innspel: 256,8 daa AK + 893,2 daa fortøying = 1150 daa 631 daa total auking frå gjeldande plan, derav 131,4 daa AK og ca. 500 daa fortøying.
0-alternativ	Dagens situasjon

Vurdering
Innspelet gjeld utviding av areal for optimalisere produksjon, altså ikkje produksjonsauke, og må vurderast i forhold til det. Den største utvidinga kjem på fortøyingsarealet. Ei eventuelle utviding må ta omsyn til fiskeplass på innsida av anlegget og at det er passasje for båttrafikk inn og ut av Tøtlandsvik.
Kommunedirektøren si tilråding
Tilrår å ta inn innspelet om utviding av areal slik det er søkt om.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

Innspel 26 - A2 Vindsvik – utviding av areal





Innspel i vist på bilete til venstre.

Forslagsstillar	MOWI SEAWATER NORWAY AS
Stad. Gnr/Bnr	Vindsvik, Jøsenfjorden
Gjeldande kommuneplan	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Eksisterande oppdrettsanlegg med to semilukka merdar.
Skildring av forslag	Mowi spelar inn at areal som er omfatta av dispensasjon, jf. pbl. § 19, som omsøkt frå: - arealdelen i kommuneplanen, frå formålet bruk og vern av sjø og vassdrag, til etablering av fortøyingsanlegg - § 33 i kommuneplanen om krav til fri ferdsel med småbåt langs land blir ein del av akvakulturområdet for Vindsvik A2.
Arealstorleik	KPL2019: 200 daa AK + 574 daa fortøying = 774 daa Innspel: 9 daa AK + 117 daa fortøying = 128 daa Ny total: 209 daa AK + 691 daa fortøyning = 900 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Treff på strategien om tilgjengelege næringsareal og god utnytting av nye og eksisterande areal.
Miljømessig berekraft	Samsvar med strategi om å tilretteleggja for akvakultur, men i avveging mot andre interesser.
Samla vurdering	
Innspelet gjeld for ein lokasjon som er i aktiv drift, der det er snakk om å få areal omfatta av dispensasjon inn i KPL. Dette medfører ikkje ei auking i produksjon eller omfang av området. For desse innspela som gjeld område der det er gitt dispensasjon ser ein ikkje grunnlag for å utføra KU og ROS.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår å ta inn som slik som foreslått.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Innspel 26 - A13 Breivika



Innspel i vist på bilete til venstre.

Forslagsstillar	MOWI SEAWATER NORWAY AS
Stad. Gnr/Bnr	Breivika, Gardsundet
Gjeldande kommuneplan	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, Fiske (FO30)
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	
Skildring av forslag	Mowi spelar inn at areal som er omfatta av dispensasjon, jf. pbl. § 19, som omsøkt frå: - arealdelen i kommuneplanen, frå formålet bruk og vern av sjø og vassdrag, til etablering av fortøyingsanlegg for framtidig akvakulturanlegg ved Breivik, blir ein del av det kombinerte området i sjø for Breivik A13. Mowi har per i dag ein ny søknad om etablering av akvakulturlokalitet med lukka teknologi ved A13 Breivik til behandling, og vil ta lokaliteten i bruk dersom akvakulturløyve blir vedteke.
Arealstorleik	KPL2019: 270 daa AK + 1139 daa fortøying = 1409 daa Innspel: 121 daa fortøying Ny total: 270 daa AK + 1259 daa fortøyning = 1529 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken

	skal ta omsyn til vassforekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Innspelet handlar om å få inn areal som er omfatta av dispensasjon, og det er kunn snakk om areal til fortøying. Dersom det vert gitt konsesjon på området er det hensiktsmessig at området er tatt inn i KPL. Hjelmeland kommune har behandla søknad om dispensasjon og gitt løyve til utviding av fortøyingsareal. Kommunen har gitt uttale til konsesjonssøknad i forhold til arealbruk. Denne saka er godt utgreidd i dispensasjonsvurdring og konsesjonssøknad og det er difor ikkje gjort KU/ROS.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår å ta inn utvidingsarealet i samsvar med gitt dispensasjon.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Innspel 101 - A16 Vassvik – utviding av fortøyingsområde



Innspel vist på bilete til venstre.

Forslagsstillar	STERLING WHITE HALIBUT AS
Stad. Gnr/Bnr	Vassvik, Ølesundet
Gjeldande kommuneplan	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, ferdsel
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Det er ei eksisterande kveiteoppdrett i dag, og fortøyingsanlegget er etablert.
Skildring av forslag	Sterling Halibut AS spelar inn areal som er omfatta av dispensasjon, jf. pbl. § 19, som omsøkt frå arealdelen i kommuneplanen, frå formålet bruk og vern av sjø og vassdrag, til etablering av fortøyingsanlegg for framtidig akvakulturanlegg.
Arealstorleik	KPL2019: 93 daa AK + 34 daa fortøying = 127 daa Innspel: 109 daa fortøying Ny total: 93 daa AK + 143 daa fortøying = 236 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Området er i aktiv bruk, og innspelet handlar om å få inn fortøyingsareal omfatta av dispensasjon. Innspelet fører ikkje til noko auking i produksjon eller omfang. Saka er utgreidd i samband med dispensasjonssøknad og det blir ikkje gjort KU/ROS i denne vurderinga.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår å ta innutvidinga i samsvar med innspel og gitt dispensasjon.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Innspel 101 - A19 Sigmundstad – ta inn fortøyingsområde



Innspel vist på bilete til venstre.

Forslagsstillar	STERLING WHITE HALIBUT AS
Stad. Gnr/Bnr	Sigmundstadneset, Fognafjorden - Fisterfjorden
Gjeldande kommuneplan	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, ferdsel
Gjeldande reguleringsplan	Ingen

Skildring av området	Ope sjøområde i Fisterfjorden, ingen anlegg eller installasjonar i sjøen i dag.
Skildring av forslag	Sterling Halibut AS spelar inn areal som er omfatta av dispensasjon, jf. pbl. § 19, som omsøkt frå arealdelen i kommuneplanen, frå formålet bruk og vern av sjø og vassdrag, til etablering av fortøyingsanlegg for framtidig akvakulturanlegg.
Arealstorleik	KPL2019: 138 daa AK + 635 daa fortøying = 773 daa Innspel: 270 daa fortøying Ny total: 138 daa AK + 905 daa fortøying = 1043 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Det er gitt konsesjon i 2026 til å ta området i bruk, og innspelet handlar om å få inn fortøyingsareal omfatta av dispensasjon. Innspelet fører ikkje til noko auking i produksjon eller omfang. Utvidinga blei utgreidd i samband med søknad om dispensasjon og konsesjon, og det blir ikkje utført KU/ROS nå.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår å ta utvidingsområdet inn slik som i innspelet og i samsvar med gitt dispensasjon.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Innspel 101 - A20 Helgøy – Endra og utvida område

Foreslått endring A20 - Helgøy





Innspel vist på bilete til venstre.

Forslagsstillar	STERLING WHITE HALIBUT AS
Stad. Gnr/Bnr	Helgøy, Fognafjorden - Fisterfjorden
Gjeldande kommuneplan	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Ope sjøareal utanfor Helgøy – ingen anlegg eller installasjonar i sjøen i dag.
Skildring av forslag	Sterling ønskjer å nytte A20 til kveiteoppdrett, men foreslår å flytte området lenger ut i fjorden, bort frå Helgøy. Grunngjevinga er djupne, avstand til andre akvakulturområde og venta straum- og miljøtilhøve. Selskapet meiner plasseringa vil gjere området meir attraktivt for framtidig oppdrett. Dei foreslår òg eit kombinert område rundt AK20 for å sikre fleksibilitet for fortøying i framtida, i tråd med nye krav.
Arealstorleik	KPL2019: 199 daa AK Innspel og ny total: 528 daa AK + 1312 daa fortøying = 1840 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
Bumiljø og fiskeri, miljøtilstand i sjø må vegast mot omsyn til tilrettelegging for akvakultur.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken

	skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
I dette området er det fleire faktorar som spelar inn. Det er kartfesta fiskeinteresser i området, i tillegg til omsyn til landskap, friluftsliv, bustader og fritidsbustader. Prosjektet *Kunnskap om sjøareal* viser at området ikkje er eigna/varsam med høgintensiv akvakultur. Det er også nyleg gitt konsesjon på Sigmundstadneset, og det er usikkert kva verknad dette vil ha på vasskvaliteten. Det er vidare uklart kva verknad tiltak i dette området, sett i samanheng med Sigmundstadneset, vil ha på heile fjordsystemet. På andre sida er økologisk tilstand i Fisterfjorden/Fognafjorden svært god, og føringar i samfunnsdelen og arealstrategi seier at ein skal leggje til rette for akvakultur. Det er få område i Hjelmeland der det ligg til rette for ny høgintensiv akvakultur, og om ein skal kunne leggje til rette er dette ein få stader det kanskje kan tilrådast.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår at innspelet blir tatt inn i kommuneplanen, og erstattar område A20 i gjeldande plan. Retningslinje om NiN-kartlegging, og ei konsekvensutgreiing særleg med omsyn til bumiljø og friluftsliv.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Innspel 101 A22 Liarneset – innspel om å behalde og utvide

Årdal A22 foreslått endring





Innspel vist på bilete til venstre.

Forslagsstillar	STERLING WHITE HALIBUT AS
Stad. Gnr/Bnr	Liarneset, Årdalsfjord-indre
Gjeldande kommuneplan	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	
Skildring av forslag	Behald AK-området, auke arealet slik at ein har moglegheit for å ha oppdrettsanlegg for kveite. Foreslått område er ikkje verifisert med målingar/undersøkingar, berre basert på oppgitte djupner og arealbehov inkludert justeringsmoglegheiter for eit ordinært oppdrettsanlegg. Området kan vere eigna for utvikling av nytt utstyr og ny

	teknologi. Semilukka/lukka/ordinært ope anlegg. Då trengst det òg areal.
Arealstorleik	KPL2019: 69 daa AK Innspel og ny total: 322,7 daa AK + 465,7 daa fortøying = 788,5 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
Potensiell konflikt knytt til naturmangfald. Det er ikkje gjort NiN-kartlegging i Årdalsfjorden. Bumiljø – kort avstand til bustadområde i Årdal.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Innspelet gjeld ei utviding av området for å leggje til rette for kveiteoppdrett i framtida. Av omsyn til vasskvaliteten, vassutskiftinga i bassenget, sjøtrafikken og dei fastbuande vert det vurdert som lite ønskeleg å leggje til rette for høgintensiv akvakultur i området. Dersom området vert ståande slik det er i gjeldande KPL, vert det vurdert at lågintensiv akvakultur kan vere aktuelt, så lenge drifta ikkje er sjenerande for fastbuande, tek omsyn til fiskeinteresser og ikkje fører til betydeleg utslepp av næringssalt. Det er aktsemdsområde i lia ved området. Kva konsekvensar dette har, må vurderast nærare ved eventuelle forslag.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår ikkje å ta inn utviding av området.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

Innspel 54 - A26 Hundaneset





Innspel vist på bilete til venstre.

Forslagsstillar	GRIEG SEAFOOD FARMING AS
Stad. Gnr/Bnr	Hundaneset, Erfjorden
Gjeldande kommuneplan	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, Fiske
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	
Skildring av forslag	Ta inn lokaliteten ved Hundaneset, som er gitt dispensasjon utan tidsavgrensing, i KPL
Arealstorleik	KPL2019: 0 daa Innspel og ny total: 224 daa AK + 491 daa fortøying = 715 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Akvakulturanlegget er etablert og i drift, på bakgrunn av gitt dispensasjon og konsesjon.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår å ta inn området i innspelet, i samsvar med gitt konsesjon og dispensasjon.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

4. Planvask – Vurdering av akvakulturområde i gjeldande plan

A3 Bastbergvika



Stad	Bastbergvika, Jøsenfjorden
Skildring av området	Området ligg på nordsida av Jøsenfjorden, mellom Vindsvik og Bastli. Lokaliteten er ikkje i drift, og har ikkje konsesjon.
Arealstorleik	KPL2019: 318 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Høgintensiv akvakultur i området vert vurdert som uheldig av omsyn til vasskvalitet, samlokalisering og belastning på villaks, sidan Vorma er ei lakseelv. Prosjektet *Kunnskap om sjøareal* viser at ein bør vere varsam med utslepp av næringssalt òg frå lågintensiv akvakultur, men det er ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å utelukke lågintensiv akvakultur i området. Tiltak i området kan få negative konsekvensar for fleire forhold, men dette vil variere ut frå kva type tiltak det er og omfanget av det. Konsekvensane må difor vurderast nærare når eit konkret forslag ligg føre.	

Kommunedirektøren si tilråding
Det vert tilrådd å vidareføre området utan artsspesifisering, sidan det kan ha potensial for andre marine artar. Retningslinje om lågintensiv akvakultur.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

A6 Eidavågen





Stad	Eidavågen, Erfjorden
Skildring av området	Området ligg på vestsida av Eidavågen, heilt i kommunegrensa.
Arealstorleik	KPL2019: 130 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
Potensiell konflikt i forhold til naturmangfald. Det er ikkje utført NiN-kartlegging i dette området.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	

Høgintensiv akvakultur i området vert vurdert som uheldig av omsyn til vasskvalitet og samlokalisering. Prosjektet *Kunnskap om sjøareal* viser at området er eigna for lågintensiv akvakultur. Tiltak i området kan få negative konsekvensar for fleire forhold, særleg fiskeriinteressene, men dette vil variere ut frå kva type tiltak det er og omfanget av det. Konsekvensane må difor vurderast nærare når eit konkret forslag ligg føre.
Kommunedirektøren si tilråding
Det vert tilrådd å vidareføre området utan artsspesifisering, sidan det kan ha potensial for andre marine artar. Retningslinje om lågintensiv akvakultur.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

A12 Gravstøskjer



Stad	Rett vest av Gravstøskjeret, Garsundet
Skildring av området	Området ligg langs land rett nord av Tappfjellet og vest av Gravstøskjeret. Det er skogsområde langs land og eit hyttefelt gode 500 meter aust ved Bjørkåsen.
Arealstorleik	KPL2019: 54 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
Potensiell konflikt i forhold til naturmangfald – området er ikkje NiN-kartlagt. Friluftsliv – kartlagt som viktig område.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser

Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Høgintensiv akvakultur i området vert vurdert som uheldig av omsyn til vasskvalitet og samlokalisering. Prosjektet *Kunnskap om sjøareal* viser at området er eigna for lågintensiv akvakultur. Tiltak i området kan få negative konsekvensar for fleire forhold, særleg fiskeriinteressene, men dette vil variere ut frå kva type tiltak det er og omfanget av det. Konsekvensane må difor vurderast nærare når eit konkret forslag ligg føre.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Det vert tilrådd å vidareføre området utan artsspesifisering, sidan det kan ha potensial for andre marine artar.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

A15 Hundsnes



Stad	Hundsnes, Hjelmelandsfjorden
Skildring av området	Slaktemerd i tilknyting til Ryfisk, konsesjon trekt i 2018.
Arealstorleik	KPL2019: 183 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser

Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Området vart sett av til slaktemerdar for Ryfisk, og hadde konsesjon frå 1999 til 2018. Av omsyn til næringsverksemda til Ryfisk er det ikkje eigna til anna formål enn slaktemerdar eller ventemerdar. Sidan det ikkje lenger vert brukt slaktemerdar her, fell formålet med området vekk.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ta ut.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Området er vidareført i forslag til ny arealdel.	

A21 Nessa



Stad	Nessa, Årdalsfjord-indre
Skildring av området	Området ligg på vestsida av Nessa.
Arealstorleik	KPL2019: 148 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
Potensiell konflikt i forhold til naturmangfald – området er ikkje NiN-kartlagt. Friluftsliv – kartlagt som viktig område.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	

Høgintensiv akvakultur i området vert vurdert som uheldig av omsyn til vasskvalitet, bumiljø og fiskeinteresser. Prosjektet *Kunnskap om sjøareal* viser at området er eigna for lågintensiv akvakultur. Tiltak i området kan få negative konsekvensar for fleire forhold, særleg fiskeriinteressene, men dette vil variere ut frå kva type tiltak det er og omfanget av det. Konsekvensane må difor vurderast nærare når eit konkret forslag ligg føre.
Kommunedirektøren si tilråding
Det vert tilrådd å vidareføre området utan artsspesifisering, sidan det kan ha potensial for andre marine artar. Retningslinje om lågintensiv akvakultur.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

A25 Viganeset





Stad	Viganeset, Hjelmelandsfjorden
Skildring av området	Området vert nytta til lagring av ringar i tilknyting til lager på Viganeset. **Inngår i reguleringsplan R169**.
Arealstorleik	KPL2019: 38 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken

	skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Inngår i reguleringsplan R169. Formålet burde gjerne endrast då området berre vert brukt til lagring av ringar, og det ikkje er aktuelt med drift her.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Inngår i reguleringsplan R169.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Vidareført i reguleringsplan R169 med krav om felles plan for Viganeset. Sjå temadokument næring.	

5. Areal anbefalt planvaska ut

A14 Kleppholmen



Stad	Kleppholmen, Hjelmelandsfjorden
Skildring av området	Området ligg rett nordaust for Kleppholmen
Arealstorleik	KPL2019: 169 daa
0-alternativ	Dagens situasjon
Interessekonfliktar	
Konflikt i forhold til naturmangfald, kartlagt viktig ålegraseng like utanfor området	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken

	skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	
Området er nyleg kartlagt av ein biolog, og det er ei stor og viktig ålegraseng like ved området. Enga er prega av lurv (algevekst). Det er uheldig med meir tilførsel av næringstoff i dette området, og det er ikkje anbefalt med høgintensiv akvakultur i dette området. Sett i samanheng med at området ligg sentralt i Hjelmelandsfjorden med tanke på friluftsliv, landskap og bustader, vert det vurdert som uheldig med aktivitet her.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ta ut.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

A17 Prestholmen



Stad	Prestholmen, Ølesundet
Skildring av området	Området ligg rett nord av tømmerkai ved Barnavika.
Arealstorleik	KPL2019: 67 daa
0-alternativ	Dagens situasjon
Interessekonfliktar	
Friluftsliv og natur – viktig område for friluftsliv på sjø og viktig og sårbar natur.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	

Området er nyleg kartlagt av ein biolog, som fann ålegraseng ved området. Sett i samanheng med at området ligg sentralt i Ølesundet med tanke på friluftsliv, landskap og bustader, vert det vurdert som uheldig med aktivitet her. Observasjonen av lurv er også alvorleg, då det er eit teikn på dårleg økologisk tilstand.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

A18 Grønevika



Stad	Grønevika, Ølesundet
Skildring av området	Området ligg rett sør for Grønevika, Randøy.
Arealstorleik	KPL2019: 144 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Interessekonfliktar	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
Miljømessig berekraft	Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassførekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø, og andre allmenne interesser.
Samla vurdering	

Området er nyleg kartlagt av ein biolog, som fann sukkertare på området. Sett i samanheng med at området ligg sentralt i Ølesundet med tanke på friluftsliv, landskap og fritidsbustadar, vert det vurdert som uheldig med aktivitet her. Observasjonen av lurv er også alvorleg, då det er eit teikn på dårleg økologisk tilstand.
Kommunedirektøren si tilråding
Ta ut.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

A23 Øvre Tysdalsvatn



Stad	Øvre Tysdalsvatnet, Årdal
Skildring av området	Området ligg ved utløpet til Øvre Tysdalsvatnet
Arealstorleik	KPL2019: 15,2 daa AK + 68,5 daa fortøying = 83,7 daa
0-alternativ	Dagens situasjon

Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Økonomisk berekraft	
Miljømessig berekraft	
Samla vurdering	
Etter retningslinjene for området skal det berre brukast til smoltifisering av settefisk til Årdalselva. Lyse har i dag eit anlegg for dette på Nes/Riveland, og har ikkje lenger bruk for området.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ta ut	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

6. Oppsummering

Nr	Lokalitet, vassførekomst	Art	Konsesjon	Tilråding	Vedtak ved 1.gangs handsaming
A1	Kjeura, Jøsenfjorden	Kveite	Ja	Vidareføre med utviding som i innspel	Som tilråding
A2	Vindsvik, Jøsenfjorden	Laks	Ja	Vidareføre med utviding som i innspel	Som tilråding
A3	Bastbergvika, Jøsenfjorden	-	Nei	Vidareføre området utan artsspesifisering. Retningslinje om lågintensiv akvakultur.	Som tilråding
A4	Bastlid, Jøsenfjorden	Laks	Ja	Eksisterande – ingen endring	Som tilråding
A5	Fosså, Hjelmelands-fjorden	Laks	Ja	Ingen endring	Som tilråding
